VALDRESMUSEA



Årsrapport 2025

Innhald

Klikk i lista for å gå til side



Handverkar Andreas Goretzka.
Foto: Anne Marit Noraker.

Relevans og auka inntekter 3
Økonomi 6
Besøk 7
Formidling 8
Forsking 14
Arkiv og samling 16
Dei kulturhistoriske bygningssamlingane 17
Mangfald og samfunnsrolle 18
Samarbeid og nettverk 20
Immateriell kulturarv 22

Styret i Valdresmusea AS 2025 25
Tilsette 26



Snøsurfebrett laga av 10. klassingar gjennom prosjektet *Kloke hender*.
Foto: Jørn Ranum

Relevans og auka inntekter

Valdresmusea har vore til nytte for folket og bygdene i 125 år. Det skal museet halde fram med. Opplyste borgarar er ein føresetnad for eit velfungerande demokrati – og for samfunnet si helse.

Musea er ein viktig del av demokratiet sin infrastruktur, og innbyggarane i Noreg har generelt høg tillit til musea. Det vart stadfesta i ei undersøking utført av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) i 2025. Blant dei offentlege tenesteytarane skårar musea høgast. Likevel er det nokre som seier dei ikkje kjenner seg heime på museet. Musea har derfor eit stort ansvar i å gjere seg til opne og inkluderande møteplassar.

Alle skal få kjenne tilhøyr til museet, alle har rett til deltaking i ny og gamal valdreskultur.

Musea forvaltar samfunnet sine viktigaste arkiv og samlingar. I arbeidet med historiske kjelder søkjer vi innsikt om eldre levemåtar, men òg inspirasjon til korleis vi kan forme liva våre i dag. Arkiv og samlingar er ikkje tause gravkammer, men aktivum til god samfunnsutvikling.

Musea i Noreg forvaltar 25 millionar gjenstandar. Valdresmusea tek vare på 30 000 av dei.

Alle museum høyrer til i eit lokalsamfunn. For dei aller fleste museum er det dette samfunnet som er scenen for samtalen om dei krevjande tematikkane, om identitet, tilhøyr og utanforskap. Anten vi vel å drøfte skeive liv eller livssituasjonen for NS-medlemmane i etterkrigsåra, så vil denne samtalen alltid vere med utgangspunkt i erfaringane frå ei bygd eller ein by, eit lite lokalsamfunn eller ein større bydel.



Foto: Anne-Marte Før



Instrumentmakar Bård Riise Hoel. Foto: Anne-Marte Før.

Valdresmusea skal bli endå flinkare til å spegle samfunnet det er ein del av.

Aktiviteten var høg i 2025 og talet på arrangement auka med 16, frå 149 i 2024 til 165 i 2025. Talet på besøkande strekte seg til 75 000. Det er gledeleg – og det er ny rekord. Auka er særleg stor for gruppebesøkande og deltakarar på kurs for barn og ungdom. Med fleire folk følgjer fleire billettar. Det er òg bra, og det følgjer opp forventningane frå Kulturdepartementet om at musea må sikre inntekter på mange vis. Billettsalet auka med 5 %. Det langsiktige målet er 100 000 besøkande innan 2030. Eg trur vi skal greie det!

Ole Aastad Bråten,
Direktør

Økonomi

Drifta av Valdresmusea har auka jamt i mange år. Det er gledeleg! Dei samla inntektene utgjorde i 2025 26 millionar kroner. Årsrekneskapen viser eit overskott på 373 000 kroner, som er godt over det vedtekne resultatmålet. Overskottet er tilført eigenkapitalen, som no er 6,7 millionar kroner.

Det har vore jamn vekst i det statlege tilskottet. Frå 2025 utgjer dette nesten 15 millionar kroner. Det følgjer store plikter med desse tilskotta. Blant anna blir det stilt krav til forsking. I 2025 vart det tilsett ein forskar i 100 % stilling. Slik når vi måla Stortinget har satt gjennom Stortingsmelding 23, Musea i samfunnet 2020–2021, om auka innsats på forsking.

Det statlege tilskottet utgjorde i 2025 79 % av det samla offentlege tilskottet. Ser ein bort frå seks nasjonale museum, plasserer dette Valdresmusea i øvste sjiktet (nr. 5) for statleg finansiering.

Det kommunale tilskottet utgjorde 6 % av det offentlege tilskottet. Dette er det sjuande svakaste i landet. Utan ytterlegare kommunal støtte vil ein ikkje kunne ta på seg nye oppgåver for Valdresregionen. Det samla offentlege tilskottet var i 2025 på 18,9 millionar kroner.

Museet arbeider målretta med å byggje relasjonar til støttespelarar som kan bidra økonomisk til arbeidet. Dei eigenskapte inntektene utgjorde i 2025 3,6 millionar kroner.

Med prosjektmidlar får museet realisert mange tiltak. Prosjektmidlane bidreg òg til at ein sikrar botnlina i museet sitt budsjett. Det er flott, men det betyr at det ikkje ligg inndekning for dei faste kostnadane – som aukar, i dei faste tilskotta – som ikkje aukar. Fleire prosjekt vart avslutta i 2025, men fleire store prosjekttilskott har kome til i 2026. Utan slike inntekter vil det ikkje vere mogleg å halde oppe aktiviteten som i dag.

Besøk

Valdres Folkemuseum er heilårsope og tilbyr utstillingar og formidlingstilbod året rundt. Ved dei to andre avdelingane er museet tilgjengeleg sommarstid og elles etter avtale. I 2025 var talet på ope dagar i utstillingane på Valdres Folkemuseum 270, medan friluftsmuseet med utstillingar og anna formidling var ope 365 dagar. Talet på opne arrangement, til dømes kurs og foredrag, var i 2025 på heile 165. Valdresmusea gjennomførte 66 skuleopplegg.

Billettsalet auka med 5,1 % i 2025. Auka er særleg stor for gruppebesøkande og deltakarar på ungdomskurs. Talet på betalande var på 11 995 i 2025, medan det totale museumsbesøket var 36 349. Om ein teller turgåarar, leigetakarar, festivaldeltakarar og kafégjestar er talet 75 820.

Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum tilfredsstiller krav til universell utforming. Her er det ramper for rullestolbrukarar og automatisk døropning inn og ut av utstillingane. Utstillingane har fontar og fargar tilpassa svaksynte. Til foredrag blir det nytta teleslynge og lydanlegg. Nettsidene følgjer krav til universell utforming.



Open støl. Foto: Anne Marit Noraker



Formidling

Valdres Folkemuseum er ope året rundt og tilbyr aktuelle utstillingar – og historiske hus i eit gamalt kulturlandskap. I sentrum for sommarformidlinga står folkemusikk og folkedans, open støl og tradisjonshandverk.

Vi legg stor vekt på gode publikumsopplevingar gjennom levande forteljing, kunnskapsdeling, gode samtalar og dyr på beite.

Museumsanlegga i Sør-Aurdal er sommaropne med eigne omvisarar. Bautahaugens venner bidreg til å gjere Bautahaugen i Hedalen til ein naturleg møteplass for bygda, mellom anna gjennom dugnad, sommarutstilling og sommarkafé.

Ein arbeider for tida med å styrke formidlinga av andre verdskrigen gjennom ny utstilling på Bagn Bygdesamling. Den skal etter planen opne i 2027.

Valdresmusea arrangerte i 2025 12 ungdomskurs og 9 vaksenkurs i tradisjonshandverk, dei fleste av kursa gjekk over fleire dagar. På kursa deltok til saman 250 deltakarar. Målet med ungdomskursa er å dyrke gleda av å skape med hendene, styrke kunnskapen om kulturarven og å få unge til å velje tradisjonshandverk som leveveg. Målet med kursa for vaksne er å ruste huseigarar til å ta vare på eigen bygningsarv.

Arbeidet skjer i tett samarbeid med skuler, Sparebankstiftelsen DNB, Innlandet fylkeskommune, NTNU, Fagskulen Innlandet, Fortidsminneforeininga, Universitetet i Sør-Aust Noreg, Studieforbundet, og fleire andre fagmiljø.

Gjennom samfunnsrolleprosjektet *Eit skigardsdele* inviterte museet til konferansen *Kos eller kritikk*, der ein drøfta om musea har lukkast som aktør og arena for vanskelege og samfunnsrelevante tema. Valdresmusea bidreg aktivt til den offentlege samtalen gjennom innlegg i aviser, radio og TV.

I tillegg til faste tilsette, har museet 25 sommartilsette i formidlinga.



Kurs i skigard som del av prosjektet *Kloke hender.*
Foto: Anne Marit Noraker

Barn og ungdom

Familiar og møte mellom generasjonar: Dei som kan kunsten å svinge hamaren blir stadig færre og eldre, og det er fåe moglegheiter for dei som vil lære. Derfor har Valdresmusea etablert ein læringsarena der yngre og eldre kan lære av kvarandre. I skuleferiane tilbyr vi opplevingar for fleire generasjonar der dei saman får oppleve handverk, musikk og dans, dyr på beite, leikar og familieomvisingar. Dette bidrar til kunnskapsoverføring gjennom nyfikenheit og aktiv deltaking.

3–5 år

Barnas dag: Her får barnehageungar frå regionen prøve seg på ulike tradisjonshandverk i møte med dyktige handverkarar. Barnehagane får fritt bruke friluftsmuseet til leik og læring, og museumstilsette skal alltid ha dialog med ungane som kjem på museet.



Barnas dag. Foto: Anne Marit Noraker



6–12 år
Kunnskap om lokalhistorie, mat, klede, handverk, song og musikk er like viktig som dei tradisjonelle skulefaga. I 2025 gjennomførte vi fleire undervisingsopplegg der elevane fekk lære om matproduksjon og -tilverking, prøve ulike tradisjonshandverk og oppdage spor av fornminne i landskapet.

Museet er òg ein fast møteplass for kulturskulane gjennom heile året. Her møtest barn og unge, og dei får lære av erfarne utøvarar – ein viktig arena for kunnskapsoverføring og rekruttering til musikk- og dansefeltet. Valdres Folkemuseum er vertskap for sommarkurs for ulike samarbeidspartnarar. Dette fører til auka aktivitet og kjennskap til museet.

13–25 år
Valdresmusea tilbyr rabatterte priser for alle under 26 år. Skulane nyttar friluftsmuseet i eigen undervising. Valdresmusea tilbyr òg omvisingar – mellom anna på Bagnsbergatn, der elevane lærer om krigshandlingane i Valdres. Slik får dei både røter og føter.

Kvar veke frå 1. mai til 31. september har 50–100 polske skuleungdommar vore på eigne omvisingar på Valdres Folkemuseum. Her er kulturkunnskap om Noreg før og no tema. Besøka er ei fin kulturutveksling der vi kjem i god dialog om verdiar, kultur og demokrati.

Demokratiprosjektet *Ung i dialogen* er eit samarbeid mellom Valdres vidaregåande skule, avisa Valdres og

ungdomsråda i regionen. Ungdom ber på draumar, håp og lengslar, men rommet for å vere seg sjølv kan vere snevert og mange kjenner på utanforskap. Difor arbeider vi for å styrkje ungdom si stemme og gje dei verktøy som gjer dei trygge i både uformell og offentleg dialog.

Gjennom undervisingsopplegget *Kloke hender* samarbeider vi med ungdomsskulane om kurs i ulike tradisjonshandverk, både som del av skuledagen og på MakerSpace på kveldstid. Vi ser ein tydeleg oppsving av unge utøvarar som interesser seg for tradisjonshandverk. Gjennom prosjektet har fleire ungdommar vore tilsett i sommarjobb som tradisjonshandverkarar med mentor.

Sommartilsett ungdom er med å utvikle og gjennomføre formidlingstilbod innan handverk, spel, dans, leik, gardsarbeid, forteljing og samtale. Dette skaper engasjement, spreier kunnskap, inkluderer nye målgrupper og senkar terskelen for deltaking. Vi følgjer ungdommane tett – ofte gjennom fleire år – og ser at somrane på museet påverkar både yrkesval og livsretning.

Prosjektet *Ung i dialogen* blir til i samarbeid med avisa Valdres, ungdomsråda og Valdres VGS. I 2025 har vi mellom anna gjennomført foredragsturné med Daniel Kvammen og inspirasjons- og demokratilæredag før valet. Dette skjer i samarbeid med ungdomsråda, lokale skuler, med støtte frå Innlandet fylkeskommune og Sparebankstiftelsen DNB.

Gjennom prosjektet *Uteplass for leik* har ein i 2025 arbeidd fram ny naturleikeplass på Valdres Folkemuseum, støtta av Sparebankstiftelsen DNB.



Kniv laga av ungdom på smikurs gjennom prosjektet *Kloke hender*.
Foto: Jørn Ranum

Digital formidling

Gjennom nettsidene våre, sosiale medium og DigitaltMuseum formidlar vi nettutstillingar, filmar, tekstar og anna kuratert innhald. Materialet handlar om alt frå arkiv, samlingar, handverk og tradisjonskultur til refleksjonar rundt berekraft, utanforskap og ytringskultur. Fagartiklar og kronikkar blir publiserte både på DigitaltMuseum, på eiga nettside og i ulike aviser og tidsskrift.

Valdresmusea samarbeider med ein filmfotograf og produserer filmar frå handverkskurs, samtidsdokumentasjon, foredrag, seminar og skuleprosjekt. Mange arrangement blir filma og gjort tilgjengelege digitalt. Auka digital formidling gjer det lettare å nå nye brukargrupper og legg til rette for ein open og inkluderande dialog.

Tilgang til tilbod og arenaer

Valdresmusea arbeider for at alle, uavhengig av bakgrunn og føresetnader, skal kjenne tilhøyr til museet.

Valdresmusea er med i ei referansegruppe i prosjektet *INKLU*, som jobbar for å styrke inkluderingsevna i reiselivet i Valdres. *INKLU* er del av Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig Reisemålsutvikling, støtta av Innovasjon Norge. Vi har utvikla eit godt samarbeid med Beitostølen Helsesportsenter og festivalar som bruker museet som arena.

Med nye planar og kunnskap om korleis ein best kan legge til rette, har vi gjort ulike tiltak for å sikre tilgangen til anlegg, nettsider og aktivitetar for alle. Snart kjem òg betre skilting, fleire avlastningsbenkar og utbetra tilkomst til to antikvariske hus.

Museumsvenene våre representerer òg eit mangfald: nokre har funksjonsnedsetting, andre står utanfor arbeidslivet; nokre er eldre, andre unge; mange er elevar, studentar, forskarar eller handverkarar som vil lære meir. Vi legg til rette for fleire stemmer og utvidar forståinga av museet som arena.



Saman med Museumssenteret Hordaland, Cove Park i Argyll and Bute og The National Museum of Scotland driv Norsk institutt for bunad og folkedrakt prosjektet *Interweaving Norway and Scotland through dress.*

Forsking

Forskinga ved museet skal legge grunnlaget for arbeidet med innsamling og dokumentasjon, utstillingar, publikasjonar og rekonstruksjon av bunader og historiske musikkinstrument. Målet med forskinga er å utvikle dei tre satsingsområda gjennom ny kunnskap.

Valdresmusea har eit lite og ivrig forskingsmiljø. Museet har ein tilsett med NMF-autorisasjon. I 2025 vart det tilsett ein forskar med doktorgrad. Ein tilsett fullførte MUSE620 ved UiB.

Samfunnsrolleprosjektet *Eit skigardsdele* har pågått i fleire år – og romar òg forsking. Prosjektet vart avslutta i 2025. På seminar og konferansar har forskarar frå UiO, UiB, NTNU og NIBIO deltatt. Tom Bratrud frå UiB har i tillegg til å publisere eigne artiklar som del av prosjektet, vore rådgjevar for prosjektet. Til Fortidsminneforeininga si årbok bidrog prosjektet med artikkelen *Lykrestua og tidlig hyttearkitektur i Norge*. Til *Historic House Museums: Nordic perspectives* i 2026 bidreg prosjektet med ein artikkel om Lundesetra på Maihaugen.

Saman med UiB søkte vi Forskingsrådet om støtte til prosjektet *Setring*. Vi fekk ikkje tilslag på denne, men held fram dialogen med UiB om vegen vidare for prosjektet.

Anna arbeid innfor området kultur og landskap omfattar samarbeid med NIBIO om beitebruk, og tilrettelegging for studentar på masterkurset Regional landskapsplanlegging og lokalsamfunnsutvikling. Valdresmusea deltek i Norsk Folkemuseum sitt *GIFT*-prosjekt.

Det er fåe på museet med kompetanse på eldre historie. I etterkant av 1000-årsmarkeringa for kristninga i 2023, vart det opna for forsking på dette området. Sju av foredragshaldarane frå eit jubileumsseminar dette året har sidan arbeidd med tekstar til ein publikasjon. *Valdres i eldre tid. Jern, kyrkje og mak*t kom ut i 2026 og er finansiert av Stiftelsen Aunebu kunstsenter.

Valdresmusea har sidan 2022 samarbeidd med Torill Thømt om eit anna prosjekt om eldre historie, om smijern i jernalder og vikingtid. Prosjektet omfattar mellom anna analyser av jernet på fleire av stavkyrkjene i Noreg. Målet er på sikt å kunne identifisere utvinningsstad for jernet. I 2025 gav vi ut boka *Smijernsbeslag i middelalderen*.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt har saman med MUHO i Noreg, samt Cove Park i Argyll and Bute og the National Museum of Scotland drive prosjektet *Interweaving Norway and Scotland through dress*, med kunstnarutvekslinga *Interweaving Threads Residency*.

Arkiv og samling

Valdresmusea forvaltar museums-samlingar som inneheld blant anna 29 2257 gjenstandar, 233 624 foto, 110 historiske bygningar, 1 teknisk industrielt anlegg, 750 privatarkiv, draktarkiv med 90 000 drakt-registreringar, og folkemusikkarkiv med 16 0757 film- og lydopptak.

Fem tilsette har oppgåver knytt til arkiv og samling. Valdresmusea har ein konservator NKF-N. I 2025 vart det kjøpt tenester frå ekstern registrar/konservator NKF-N, og ein student på arkiv- og samlingsforvalt-ningsfag vart engasjert i sommarjobb. Fleire frivillige bistår med registrering.

På grunn av lite personal og lagrings-kapasitet vurderer ein inntak kritisk. I 2025 var auka til samlingane primært knytt til papirarkiv, foto, lydarkiv, drak-ter og eit fåtal andre gjenstandar.



Sommarjobb i arkivet.
Foto: Anne Marit Noraker

Dei kulturhistoriske bygningssamlingane

Valdresmuseas avdelingar forvaltar godt over hundre antikvariske hus på tre museum. Dei fleste husa er frå 1700- og 1800-talet. Det eldste huset er frå kring år 1300, dei nyaste frå 1900-talet.

Vedlikehaldsplanen til museet følgjer NS 16096:2012 og gir god innsikt i tilstandsgrad, forslag til tiltak og kostnadar for dei enkelte bygga. På Bagn Bygdesamling (BB) og Valdres Folkemuseum (VFM) er dei fleste av bygningane i god stand. På Bautahaugen Samlinger (BS) er tilstanden noko dårlegare. TG-snitt (tilstandsgrad) er på 1,4.

Det har ikkje vore vesentlege endringar eller forverring i tilstandsgraden for dei kulturhistoriske bygningane. Etterslepet av vedlikehald er likevel stort og ein kunne sårt trenge fleire ressursar til vedlikehald og bygningshandverk.



Handverkar Jan Dokkehaugen.
Foto: Anne Marit Noraker.

I 2021 fekk museet 1 million kroner i eingongstilskott til restaureringstiltak på stølsområdet på Valdres Folkemuseum. I 2025 vart det ferdigstilt fleire tiltak på Fristadplassen og stølsområdet. På Bautahaugen vart det ferdigstilt restaureringa av låven i Brakadokka, og ein har arbeidd med fullskala restaurering av fiskebua frå Vassfaret.

I 2025 fekk ein tilskott frå Innlandet fylkeskommune og Nord-Aurdal kommune til å greie ut om eit eventuelt nytt verkstadbygg i framtida.

Mangfald og samfunnsrolle

Musea har ei viktig oppgåve i å opne dørene for alle, og ta vare på minne etter alle. Dette er Valdres-musea sitt utgangspunkt i arbeidet med mangfald og representasjon.

I 2024 starta museet eit arbeid med dokumentasjon av historia etter handelspioneren Ingebjørg T. Robøle (1892–1986) frå Vestre Slidre. Arbeidet held fram i 2025 og blir til i samarbeid med Kvinnemuseet, Skeivt arkiv og frivillige lag og organisasjonar. Prosjektet er støtta av Kulturrådet.

I etterkant av Sannings- og forsoningskommisjonen sitt arbeid, har Valdresmusea godt samarbeid med Sametinget og Saemien Sijte. I 2025 fekk vi på plass ei utstilling om Lucie Kant (1857–1944) og sørsamiske kulturminne i Valdres.



Frå Lucie Kant-utstillinga.
Foto: Anne Marit Noraker

For å styrke arbeidet med fleirkultur har Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Nasjonalmuseet, i samarbeid med British Council, gått saman om eit fleirkulturelt kunstprosjekt med fokus på drakt, identitet og dialog. *Interweaving*-prosjektet har fokus på skeiv identitet og utanforskap i Skottland og Noreg.

Valdresmusea sin samlingsforvaltingsplan følgjer opp forventningane om å legge breidde og representasjon til grunn for ein heilskapleg samlingutvikling. Museet vart i 2024 med i Nettverk for kvinnehistorie, og legg nettverket sin *Guide til kjønnsrepresentasjon i museumsfaglege praksisar* til grunn for arbeidet.



Museumsverktøy. Handbok for god kjønnsrepresentasjon i museumsfaglege praksisar.



Handverksworkshop for ungdom i samarbeid med Fortidsminneforeininga.
Foto: Anne Marit Noraker.

Samarbeid og nettverk

Valdresmusea har avtale med Kulturdepartementet om drift av Norsk institutt for bunad og folkedrakt, og Valdres Natur- og Kulturpark om det regionale utviklingsarbeidet. Ein har avtale med Innlandet fylkeskommune om bygningsvern og privatarkiv, og Vestre Slidre kommune om drift av Garbergfeltet.

Valdresmusea tok i 2024 initiativ til samarbeid med kyrkjene i Valdres om styrka formidling av dei eldste kyrkjene i regionen. Bakgrunnen er dårlege besøkstal, men det har vore eit ynske å styrke samarbeidet på andre område òg. I 2025 vart det sendt søknad til Kirkebevaringsfondet om støtte til eit treårig prosjekt. I 2026 kom ei tildeling til prosjektet på over tre millionar kroner.

Valdresmusea samarbeider godt med festivalane i Valdres, særleg Hilme-stemnet som har halde hus på museet sidan 60-talet. I 2025 vart det sendt søknad til Sparebankstiftelsen DNB om støtte til ei rekke inkluderingstiltak, retta særleg mot dei med funksjonsvariasjonar.

Valdresmusea samarbeider med museumsvennelag på Fagernes og i Hedalen, med Valdres historielag, Valdres slektshistorielag, Stiftelsen Frydenlund og andre frivillige organisasjonar.

Valdresmusea har godt samarbeid med dei andre musea i Innlandet og drøfta i 2025 mogleg framtidig samarbeid om fellesmagasin på Lillehammer.

Valdresmusea deltek i seks museumsnettverk og driv eitt av dei, Drakt- og tekstilnettverket. Dei andre nettverka er fotonettverket, musikknettverket, kulturlandskapsnettverket, nettverk for kvinnehistorie og nettverk for bygningsvern.

Immateriell kulturarv

Valdresmusea har sidan 2009 halde kurs i tradisjonshandverk for 1500 deltakarar. I 2025 gjennomførte vi ni slike kurs. Kursa bidreg til kompetanseheving for handverkarar og huseigarar.

I tillegg er Valdresmusea med i ei regional rådgjevarordning som tilbyr rådgjeving og støtte for private huseigarar – og kyrkjeeigarar. Rådgjevaren i Valdres skreiv i 2025 81 rapportar for private huseigarar. Det er rekord!

Fornya innsats med støling og stølskultur på Valdres Folkemuseum. Foto: Anne-Marte Før.



I 2025 held Valdresmusea fram ungdomssatsinga *Kloke hender* med 12 kurs, meister-elev-ordning, og produksjon av tre kule filmar. I 2026 startar vi satsinga *Mathandverk og levande stølskultur*, med barn og ungdom som målgruppe.

Med eigen verkstad produserer Valdresmusea langeleikar og hardingfeler til musikarar i Noreg og utlandet. Valdresmusea gav i 2025 verkstadplass for ein ung hospitant, og samarbeider elles med handverksskulen på Hjerleid, USN Rauland og Norsk håndverksinstitutt.

Valdresmusea har starta eit utgreiingsarbeid for bygging av ny instrumentverkstad på Valdres Folkemuseum. Dagens lokalar er gamle og slitte, og her er ikkje rom for utvikling eller påbygging. Vinteren 2026 vart det gjennomført ei arkitektkonkurranse, som Arkitektkontoret Vardehaugen vann. Målet er at det i løpet av 2026 skal ligge klar ei skisse for ny verkstad.

Klikk på bileta for å sjå dei tre filmane *Smi*, *Laft* og *Snøsurf*







Valdresmusea bidreg til rekruttering på folkemusikkområdet òg, med opplæring i folkemusikk og folkedans i samarbeid med kulturskulane, Strunkeveko og FolkemusikkUNG.

I 2025 arrangerte Norsk institutt for bunad og folkedrakt *Fagdagane* for 120 deltakarar, og samling i Forum for levande kulturarv. Instituttet bidrog i Kulturdirektoratet sitt arbeid med nye retningslinjer for nye nominasjonar til UNESCO, og spelte ei viktig rolle i arbeidet med faget Bunadbruk og Folkedrakthistorie ved USN Rauland. Studiet startar i 2026. Kvart år arrangerer Norsk institutt for bunad og folkedrakt to samlingar i bunadtilverkarfaget.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt er akkreditert NGO i UNESCO. Instituttet er med i ressursgruppa for *Løfte handverket*, og nettverket *Forum for levende kulturarv.*



Foto: Anne-Marte Før



Foto: Anne-Marte Før

Styret i Valdresmusea AS 2025

- Odd Erik Holden, styreleiar
- Brita Brenna, styremedlem
- Atle Skattebu Alund, styremedlem
- Bente Lindahl, styremedlem
- Arne Erik Fønhus, styremedlem
- Kjell Marius Mathisen, styremedlem
- Frank Rolland, valt for dei tilsette
- Aud Søyland, 1. vara
- Arne Leite, 2. vara
- Eirin Breie, varamedlem, for dei tilsette

Tilsette

Valdresmusea har 28 fast tilsette fordelt på 18 årsverk. Museet har ei målsetting om størst mogleg andel heile og faste stillingar. Stillingsstørrelse varierer likevel frå 40 til 100 %.

Oppgåvene er mange og varierte, og vi freistar til kvar tid å ta tak i dei oppgåver som vi meiner er mest fornuftige og gjev mest attende til lokalsamfunna i Valdres.

Fleire ulike fagmiljø og ressurspersonar er leigd inn på engasjement til ulike prosjekt gjennom året. Det same gjeld oppgåver innan drift- og vedlikehald.



Sommartilsette i 2025. Foto: Anne Marit Noraker



Fast tilsette 2025.
Foto: Cato Hansen

Alle tilsette i alfabetisk rekkefølge:

- Alice Gudheim, prosjekt-medarbeidar *Ung i dialogen*
- Andreas Goretzka, handverkar
- Angela Bot, reinhaldar
- Anne Marit Noraker, seksjonsleiar, kulturhistorisk seksjon
- Bård Riise Hoel, instrumentmakar
- Camilla Rossing, instituttleiar NBF
- Eirin Breie, konservator, ansvarleg for arkiv og samlingar
- Eivind Olmhus, konservator
- Frank Rolland, folkemusikkarkivar
- Fredrik Calmeyer, driftsteknikar og museumsbonde
- Jan Dokkehaugen, tradisjonshandverkar
- Kristin Gulbrandsen, fagkonsulent NBF
- Kristine Runshaug, fotoarkivar
- Mari Ormberg, instrumentmakar
- Odd Arne Rudi, bygningsvern-rådgjevar og seksjonsleiar
- Ole Aastad Bråten, direktør
- One Enerud, publikumsansvarleg
- Ragni Engstrøm Nilsen, konservator NBF
- Sara van der Moer, kommunikasjonsrådgjevar
- Solveig Strand, konservator NBF
- Tonette Eberspacher, prosjekt-medarbeidar *Kloke hender*
- Tove Stubbene, økonomi- og administrasjonssjef
- Trym Tvedt, tradisjonshandverkar
- Unn Elise Grashorn Refsnes, fagkonsulent NBF

Vedlegg 1 – Revisjonsberetning

VARE

Til generalforsamlingen i
Valdresmusea AS

Uavhengig revisors beretning

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Valdresmusea AS som viser et overskudd på kr 373 373. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2025, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2025, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

ValdresRevisorene AS
Valdresvegen 6
2900 Fagernes

Godkjent revisjonsselskap
Godkjent regnskapsselskap
Org.nr: 992 897 104

Tlf: 61 36 57 50
post@vare.no
www.vare.no

Penneo Dokumentnøkkel: 83RD5-PJAWE-3JGN8-KC56W-CPN9U-NUZT7

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Fagernes, 25. februar 2026
ValdresRevisorene AS

Vegard Vestrom
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnøkkel: 83RD5-PJAWE-3JGN8-KC56W-CPN9U-NUZT7

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Vegard Vestrom
Oppdragsansvarlig Revisor
På vegne av: ValdresRevisorene AS
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5999-4-1277823
IP: 79.135.xxx.xxx
2026-02-26 07:39:37 UTC

QES

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: 83RD5-PJAWE-3JGN8-KCS6W-CPN9U-NUZT7

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se **https://eutl.penneo.com**.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt
Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, **https://penneo.com/validator**, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

Vedlegg 2 – Årsregnskap

Årsregnskap

2025

Valdresmusea AS

Penneo Dokumentnøkkel: 1GQW9-S1ME0-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

Organisasjonsnummer: 990 209 081

VALDRESMUSEA AS

	Note	2025	2024
RESULTATREGNSKAP			
DRIFTSINNTEKTER			
Salgsinntekter varer og tjenester	1	2 074 651	1 939 004
Billettinntekter		975 297	847 692
Ordinært tilskudd KKD		14 940 000	14 420 000
Andre offentlige tilskudd fra Kulturdepartementet		0	119 901
Andre offentlige ordinære tilskudd		3 950 568	3 816 516
Prosjektstøtte, tilskudd og gaver	2	3 680 768	8 788 948
Leie og provisjonsinntekter		456 265	342 447
Sum driftsinntekter		**26 077 549**	**30 274 508**
DRIFTSKOSTNADER			
Varer og tjenester knyttet til egeninntekter		2 681 301	8 961 330
Lønnskostnad	3	15 020 422	13 148 857
Avskrivning varige driftsmidler	4	159 349	95 005
Andre driftskostnader		8 134 538	7 682 491
Sum driftskostnader	**3**	**25 995 611**	**29 887 683**
Driftsresultat		**81 939**	**386 825**
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekt		291 906	289 434
Rentekostnad		472	707
Resultat av finansposter		**291 434**	**288 727**
Årsresultat		**373 373**	**675 552**
OVERFØRINGER			
Annen egenkapital	5	373 373	675 552
Sum overføringer	**5**	**373 373**	**675 552**

Organisasjonsnummer: 990 209 081

Penneo Dokumentnøkkel: TGQW9-51ME0-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

VALDRESMUSEA AS

	Note	2025	2024
BALANSE PR. 31. DESEMBER			
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle eiendeler			
Konsesjoner, patenter, lisenser ol.	4	51 200	64 000
Sum immaterielle eiendeler		**51 200**	**64 000**
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4	832 568	613 595
Transportmidler	4	17 001	17 001
Inventar og utstyr	4,6	755 837	607 925
Sum varige driftsmidler		**1 605 406**	**1 238 521**
Finansielle anleggsmidler			
Lån til foretak i samme konsern	10	900 733	1 463 233
Investeringer i aksjer og andeler		50 000	50 000
Langsiktige plasseringer	7	976 044	870 088
Sum finansielle anleggsmidler		**1 926 777**	**2 383 321**
Sum anleggsmidler		**3 583 383**	**3 685 842**
OMLØPSMIDLER			
Varer			
Varer	8	1 029 795	1 021 380
Sum varer		**1 029 795**	**1 021 380**
Fordringer			
Kundefordringer	9	47 444	499 128
Andre fordringer	10	7 357 280	9 324 023
Prosjekter Valdres Folkemuseum AS	10	25 995	25 995
Sum fordringer		**7 430 719**	**9 849 145**
Bankinnskudd og kontanter			
Bankinnskudd og kontanter	11	5 565 689	2 483 254
Sum bankinnskudd og kontanter		**5 565 689**	**2 483 254**
Sum omløpsmidler		**14 026 202**	**13 353 779**
SUM EIENDELER		**17 609 585**	**17 039 621**

Organisasjonsnummer: 990 209 081

Penneo Dokumentnøkkel: TGQW9-51MED-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

VALDRESMUSEA AS

	Note	2025	2024
BALANSE PR. 31. DESEMBER			
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	5,12	300 000	300 000
Overkursfond	5	9 000	9 000
Sum innskutt egenkapital		**309 000**	**309 000**
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	5	6 439 969	6 066 596
Sum opptjent egenkapital		**6 439 969**	**6 066 596**
Sum egenkapital		**6 748 969**	**6 375 596**
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		332 889	164 289
Skattetrekk og øvrige trekk		644 602	517 153
Skyldige offentlige avgifter		273 233	218 059
Mottatt ikke opptjent prosjekttilskudd	2	7 196 159	7 332 946
Påløpne kostnader og annen korts.gjeld	13	2 084 696	2 212 296
Mottatte ikke anvendte gaver		329 037	219 283
Sum kortsiktig gjeld		**10 860 616**	**10 664 025**
Sum gjeld		**10 860 616**	**10 664 025**
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**17 609 585**	**17 039 621**

Fagernes, 31.12.2025 / 25.02.2026
Styret for VALDRESMUSEA AS

Odd Erik Holden
Styreleiar

Brita Astrid Staxrud Brenna
Styremedlem

Arne Erik Fønhus
Styremedlem

Bente Lindahl
Styremedlem

Atle Skattebu Alund
Styremedlem

Kjell Marius Mathisen
Styremedlem

Frank Henrik Rolland
Styremedlem

Ole Aastad Bråten
Daglig leder

Organisasjonsnummer: 990 209 081

Penneo Dokumentnøkkel: TGQW9-51ME0-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

1 Regnskapsprinsipper og virkning av prinsippendringer

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven, god regnskapsskikk for små foretak og under forutsetning om fortsatt drift. Det er ikke endringer i regnskapsprinsipp sammenlignet med i fjor.

Salgsinntekter

Inntekter ved salg av varer og tjenester vurderes til virkelig verdi av vederlaget, netto etter fradrag for merverdiavgift, returer, rabatter og andre avslag. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etterhvert som de utføres.

Klassifisering av balanseposter

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Eiendeler som er knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år. For gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Første års avdrag på langsiktige fordringer og langsiktig gjeld klassifiseres likevel ikke som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

Immaterielle eiendeler

Utgifter til egen utvikling av immaterielle eiendeler kostnadsføres løpende.

Varige driftsmidler

Tomter avskrives ikke. Museale bygg aktiveres ikke. Øvrige bygg som etter sin art kunne aktiveres etter regnskpsreglene blir heller ikke aktivert, men nedskrives fortløpende med tilskudd og bidrag.

Utgifter til leie av driftsmidler kostnadsføres. Forskuddsbetalinger balanseføres som forskuddsbetalt kostnad, og fordeles over leieperioden.

Varebeholdninger

Lager av innkjøpte varer verdsettes til det laveste av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet, og netto salgsverdi. Egentilvirkede ferdigvarer og varer under tilvirkning vurderes til variabel tilvirkningskost. Lagerverdien nedvurderes for ukurantitet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning for tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Pensjoner

Forpliktelser eller pensjonsmidler knyttet til kollektiv forsikret pensjonsordning balanseføres ikke. Årets betalte premie blir kostnadsført fortløpende.

Skatt

Selskapet er ikke skattepliktig for hverken inntekt eller formue.

Penneo Dokumentnøkkel: 1GQW9-51MEO-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

2 Prosjekttilskudd

Det er inntektsført kr 47 000 av gaven gitt av Vennelaget i 2024 til kjøp av klær til formidlerene.

3 Ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.v.

	2025	2024
Lønnskostnader består av følgende poster:		
Lønninger	12 696 482	11 865 132
Arbeidsgiveravgift	923 049	762 820
Lønnsrefusjoner	-290 124	-674 688
Pensjonskostnader	1 519 287	1 032 799
Andre lønnskostnader	171 728	162 794
Sum lønnskostnader	**15 020 422**	**13 148 857**

Årsverk	18,8	17,03

Offentlig tjenestepensjonsordning
Foretaket er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon, og har pensjonsordning som tilfredsstiller kravene i loven.

Pensjonsansvaret er dekket gjennom pensjonsordningen Kommunal Landspensjonskasse. Årets premie er belastet resultatregnskapet. Selskapet følger reglene for små foretak og har ikke innført NRS standarden for implementering av pensjonskostnader.

Beregningen utført av KLP pr. 31.12.2024 viser at brutto pensjonsforpliktelser utgjør kr 32 386 398, mens verdien av brutto pensjonsmidlene utgjør kr 28 355 468. Netto ikke balanseført netto forpliktelse pr. 31.12.2024 utgjør kr 4 030 930.
Det er totalt 116 stk. som er omfattet av ordningen.
Beregningen for 2025 er ikke klar.

Godtgjørelser	Daglig leder	Styret	Revisor
Lønn	938 323	96 528	
Annen godtgjørelse, inkl pensjonspremie	12 290		
Revisjonshonorar			108 360
Andre tjenester			109 060
Sum godtgjørelser	**950 612**	**96 528**	**217 420**

4 Varige driftsmidler

	Maskiner og utstyr	Flygel	Amfi, bygninger og annen fast eiendom	Immateriell eiendel	SUM
Anskaffelseskost 31.12.24	1 604 019	79 700	920 292	100 000	**2 704 011**
Årets tilgang	266 299		247 136		**513 435**
Årets avgang					**0**
Anskaffelseskost 31.12.24	1 870 318	79 700	1 167 428	100 000	**3 217 446**
Akkumulerte avskrivninger pr. 31.12.24	1 058 794		306 697	36 000	**1 401 491**
Avskrivning i	118 387		28 162	12 800	**159 349**
Tilbakeført avskrivning i					**0**
Akkumulerte avskrivninger pr. 31.12.25	1 177 181	0	334 859	48 800	**1 560 840**
Balanseverdi pr. 31.12.	**693 137**	**79 700**	**832 568**	**51 200**	**1 656 606**

Prosentsatser for lineære avskrivninger	10-20	0	3,3-20	20	

Flygelet har en opprinnelig kostpris på kr 314 792. Valdresmusea AS har mottatt gaver på til sammen kr 235 000 øremerket flygelet. Virkelig verdi av flygelet er høyere enn bokført verdi, det er derfor ikke foretatt avskrivninger på flygelet.

Amfiet har en opprinnelig kostpris på kr 1 855 454. Valdresmusea AS har mottatt tilskudd på til sammen kr 1 100 000 øremerket amfiet.

Penneo Dokumentnøkkel: TGQW9-51ME0-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

5 Egenkapital

	Aksjekapital	Overkursfond	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Egenkapital 01.01.2025	**300 000**	**9 000**	**6 066 596**	**6 375 596**
Årsresultat			373 373	373 373
Egenkapital 31.12.2025	**300 000**	**9 000**	**6 439 969**	**6 748 969**

6 Varige driftsmidler

Varige driftsmidler blir kostnadsført direkte, med mindre investeringa vil tjene virksomheten i minst 3 år.
Se note 4

7 Langsiktig plassering

Langsiktig plassering utgjør egenkapitalinnskudd i KLP, se også note 3.

8 Varebeholdning

Varebeholdningen er vurdert til kostpris og dernest nedvurdert for ukurans.

9 Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til pålydende, redusert for påregnelig tap.

10 Mellomværende med konsernselskap

Valdres Folkemuseum AS - langsiktig	900 733 *
Valdres Folkemuseum AS - kortsiktig	41 777
Sum (+ fordring, -gjeld)	942 510

* Fordringen er renteberegnet. Inntekstførte renter i 2025 er kr 35 460.

11 Bundne midler

Av innestående i bank er kr. 660 653 bundet til ansattes skattetrekksmidler.

12 Antall aksjer, aksjeeiere m.v.

Selskapets aksjekapital, kr. 300 000,-, er fordelt på 100 aksjer, hver pålydende kr. 3 000,-.

Selskapets aksjonærer er:	***Rolle***	***Eierandel:***
Valdres Folkemuseum As	Styreleder	80%
Stiftelsen Bagn Bygdesamling	Styremedlem	10%
Stiftelsen Bautahaugen Samlinger	Styremedlem	10%

13 Pantstillelser

Gjeld sikret ved pant	0

Penneo Dokumentnøkkel: 1GQW9-51MED-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Kjell Marius Mathisen
Styremedlem
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5999-4-1299192
IP: 195.159.xxx.xxx
2026-02-25 16:18:21 UTC

QES

bankID

Brita Astrid Brenna
Styremedlem
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5995-4-188287
IP: 84.208.xxx.xxx
2026-02-25 16:23:10 UTC

QES

bankID

Frank Henrik Rolland
Styremedlem
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5997-4-1423315
IP: 91.123.xxx.xxx
2026-02-25 16:47:42 UTC

QES

bankID

Atle Skattebu Alund
Styremedlem
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5995-4-652327
IP: 88.88.xxx.xxx
2026-02-25 16:48:18 UTC

QES

bankID

Ole Aastad Bråten
Daglig leder
På vegne av: Ole Aastad Bråten
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5999-4-1361482
IP: 82.147.xxx.xxx
2026-02-25 16:48:25 UTC

QES

bankID

Arne Erik Fønhus
Styremedlem
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5999-4-1271296
IP: 79.135.xxx.xxx
2026-02-25 16:49:14 UTC

QES

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: 1GQW9-S1MED-2JK70-NNMPI-BZGPN-Z3C41

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se **https://eutl.penneo.com**.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt
Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, **https://penneo.com/validator**, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Odd Erik Holden
Styreleder
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5999-4-1329850
IP: 82.147.xxx.xxx
2026-02-25 16:54:33 UTC

QES

bankID

Bente Lindahl
Styremedlem
Serienummer: bankid.no no_bankid:9578-5999-4-1230033
IP: 158.248.xxx.xxx
2026-02-25 17:42:46 UTC

QES

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: 1GQW9-S1MED-2JK7O-NNMPI-BZGPN-Z3C41

Dette dokumentet er signert digitalt via **Penneo.com**. De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl. For mer informasjon om Penneos kvalifiserte tillitstjenester, se **https://eutl.penneo.com**.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt
Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, **https://penneo.com/validator**, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Valdresmusea AS
Tyinvegen 27
2900 Fagernes

Telefon (+47) 61 35 99 00
E-post info@valdres.museum.no
Org.nr/EHF-nr 990 209 081

Design Sigurd Brørs
sigurd@broers.no
Trykk Hallingdal Trykk